

Vestnes kommune

Kommuneplanen
sin handlingsdel med
første skisse til økonomiplan

2019 - 2022



midt i blinken

Innhald:

Innleiing	side	3
Kort samandrag	side	4
Visjon for Vestnes kommune	side	5
Kap 1 Måloppnåing - kommuneplanen sin samfunnsdel	side	6
Kap 2 Folketalsutvikling	side	7
Kap 3 Utvikling av Vestnessamfunnet som eit heile	side	9
Kap 4 Økonomi – rammer og utfordringar 2019 – 2022	side	11
4.1 Hovudoversikt	side	11
4.2 Inntektsnivå, handlingsrom mm	side	12
4.3 Økonomiske utfordringar i perioden	side	12
4.4 Investeringar i perioden	side	14
Kap 5 Dei kommunale tenestene	side	15
Nasjonale styringssignal	side	15
5.1 Barnehagane	side	16
5.2 Grunnskulen	side	18
5.3 Barn, ungdom og familie	side	20
5.4 Helse og omsorg	side	22
5.5 Bu- og habiliteringstenestene	side	24
5.6 Kvalifisering og integrering	side	26
5.7 Kulturskule, frivilligsentral, bibliotek	side	28
5.8 Eigedomsdrift	side	30
5.9 Tekniske tenester	side	32
Kap 6 Kommunen som arbeidsgjevar	side	33

Innleiing:

Vestnes kommune har dei siste åra arbeidd for å få ein samanheng i dei kommunale styringsdokumenta. Kvart år skal følgjande styringsdokument utarbeidast på overordna nivå:

- Kommuneplanen sin handlingsdel, jf Plan- og bygningslova § 11-1
- Økonomiplan, jf kommunelova § 44
- Årsbudsjett, jf kommunelova § 45

I den nye kommunelova som blir gjeldande frå 2020, er følgjande ordlyd teken inn i § 14-4 – Økonomiplan og årsbudsjett:

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

I 2017 utarbeidde vi kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan i oktober. I 2017 inneheoldt dette strategidokumentet berre tekst og var utan ein taldel. I år har vi lagt inn hovudtal på sektor nivå for å legge til rette for at kommunestyret kan ha ein god og realistisk debatt som gjeld økonomiplanperioden.

Administrasjonssjefen ser at dette kan vere ein effektiv måte å behandle styringsdokumenta på i ein liten administrasjon. Føresetnaden er nok at ein då behandlar dokumentet i fleire rundar.

Sektorrammene som blir lagt til grunn i dette dokumentet kan bli endra dersom det kjem endringar eller nye opplysningar i t.d. statsbudsjettet. Det same gjeld om kommunestyret kjem med tydelege styringssignal eller prioriteringar gjennom dialogmøta og kommunestyrebehandlinga i oktober.

Økonomiplan 2019 – 2022 med årsbudsjett 2019 vert difor lagt endeleg fram til politisk behandling i desember 2018.

Kort samandrag ved administrasjonssjefen:

Vekst i næringsliv:

Veksten i næringslivet gir fulle ordrebøker i fleire år. Dette gir positive ringverknader på mange område; underleverandørar, handel etc. Det gir også lågare arbeidsløyse, ein nedgang på 15% siste året. For innbyggjarane og samfunnslivet generelt er dette svært godt nyt. Korleis denne situasjonen kan gi kommunen vekst og utvikling av permanent busetting og næringsetablering, er ei lokalpolitisk hovudutfordring. Veksten i næringslivet medfører i liten grad vekst i kommunebudsjetta. Sidan skatteinntektene i Vestnes ligg under det nasjonale gjennomsnitt, er det innbyggartalet som er heilt avgjerande. Dersom fleire av arbeidarane i skipsindustrien flyttar til kommunen med familiene sine, ville dette fått store og positive utslag for kommuneøkonomien.

Demografiske utfordringar:

Kommunestyret sitt mål er tilflytting og vekst i alle bygdelag. Eit sterkt sentrum med levande bygder er eit Vestnes «midt i blinken». Det vanskelege lokalpolitiske dilemma er at vi må ta konsekvensen når folketalsutviklinga ikkje samsvarer med dei måla vi har sett.

I komande økonomiplanperioden er dette er hovudutfordringa:

- Talet på kvinner i fruktbar alder (18-40) er redusert frå 1023 i 1986 til 793 i 2018.
- Fødselstal 2017 : 50. Eit historisk lavt fødselstal. Nokolunde same tal forventa i 2018.
- Talet på personar 80 -100 år i 2016: 322. SSB si framskriving 2040: 736

Konsekvensar av nasjonale reformer:

Nasjonale reformer og styringssignal som det vert vist til på side 16 vil gi både faglege og ikkje minst økonomiske konsekvensar for Vestnes kommune. Særleg vil samhandlingsreforma gi større og større utslag økonomisk i og med at kommunen no får ansvar for stadig meir avansert behandling, både heimebasert og institusjonsbasert. Oppbygging av heildøgnstenester innan psykisk helse utfordrar i særleg grad budsjetta frå 2019. Dette, kombinert med redusert barnetal, har gjort at vi pr september ikkje har balanse i økonomiplanen vår.

Skulebygga i Vestnes:

Kommunestyret må bestemme korleis den totale bygningsmassen skal nyttast og rehabiliterast til tenlege og framtidsretta skulebygg. Det må også avklarast om kommunestyret held fast ved at det skal byggast ny ungdomsskule, eller om noverande skulebygg skal rehabiliterast/påbyggast. I økonomiplanen er det føresett at Fiksdal og Tresfjord skular blir nedlagte frå august 2019.

Økonomiske hovudutfordringar:

Kommunestyret bør no sette ei ramme for framtidige investeringar. Størst utfordring framover vil likevel endring i arbeidsgjevaravgifta og mulig endring av vertskommunetilskottet ha.

VISJON

I kommuneplanen sin samfunnsdel er
“Vestnes – midt i blinken”
stadfesta som kommunen sitt ønska framtidsbilete, vår visjon.



midt i blinken

Ein *visjon* kan definerast som eit bilet av ein framtidig, ønska tilstand.

”Midt i blinken” kan sjåast som ein reint faktisk geografisk fordel, midt i fylket.

1. Den sentrale geografiske posisjonen gjer Vestnes til eit naturleg val både for busetting og nyetableringar i næringslivet.

”Midt i blinken” kan også sjåast i meir overført tyding:

2. Det er ”midt i blinken” å etablere næring i kommunen.
Vestnes kommune er ein aktiv medspelar overfor næringslivet.
3. Det er ”midt i blinken” å bu og leve i Vestnes med rikt kulturliv og gode tenester som er treffsikre i kvalitet og innhald.
4. Vestnes kommune er ”midt i blinken” for alle som er glade i natur- og friluftsliv.
Kommunen legg til rette for eit aktivt friluftsliv med lett tilgjengelege naturområde.
Dette er eit viktig bidrag til kommunens folkehelsearbeid.
5. Vestnes er ”midt i blinken” som arbeidsgjevar og er ein serviceinnstilt,
løysingsorientert og imøtekommende kommune.

Kap 1 Måloppnåing – kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken av Vestnes kommunestyre 12.februar 2015.

Sjå: http://www.vestnes.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx_id/1425/epdd_id/3467

Planen har 7 fokusområde med mål og strategiar, samt oversikt over målretta investeringar.


Dette har vi oppnådd:

1. **Næringsutvikling:** God kontakt mellom politisk leiing og næringsliv i aktuelle saker.
Planutvalet er bevisst på tilrettelegging for småskala reiseliv. Gjermundnes (Vike) næringsområde er klar til bruk. Næringsområda på Vik og Skorgen er nærliggende. I Misfjordskogen er utviding under arbeid, ferdig 2019. God breibandsdekning.
Sentrumsutvikling: Reguleringsplan vedtatt og Sjøfronten del 1 ferdig hausten 2018.
2. **Busetting og oppvekst:** «Fiber til alle»-prosjektet er gjennomført. Reguleringsplanar for nye bustadområde i heile kommunen er vedtatt og nye tomter i Bakneset (Vike) og Fagerbakken (Vestnes) er ferdig i 2018. Aktiv barnerepresentant og Ungdomsråd. Målretta innsats for kvalitet og trivsel i skulen. Tomrefjord Idrettsbygg rehabilert 2018 og ny felles ungdomsskule er under planlegging.
3. **Kultur og fritid:** Stor aktivitet i frivillige lag og organisasjonar gir attraktivitet og trivsel. Nye lokalar for kulturskulen tenkt plassert i gamal ungdomsskule når ny blir realisert. Nye og betre lokalar for folkebiblioteket blir bygd i nytt helse-velferdssenter.
4. **Folk, helse og omsorg:** Byggestart for nytt helse- og velferdssenter 2019. Dei fleste (12 punkt) mål og strategiar representerer tiltak det må arbeidast kontinuerleg med. Nye turstiar Skorgenområdet og Tresfjord er ferdige.
5. **Det internasjonale Vestnes:** Opplæring i norsk språk og det norske samfunnet til ulike grupper innvandrarar, eit introduksjonsprogram for flyktningar med fokus på utdanning og kvalifisering, samt deltaking i frivillige organisasjonar, gir mulegheiter for god integrering.
6. **Samferdsel og pendling:** Hurtigbåt og Timekspressen består og ferjene får 20-min. avgangintervall frå neste anbodsperiode. Utvikling av E39 og E136 går vidare med lokalt engasjement/medverknad. Nakkedalen og Kjersemfjellvegen under utbetring.
7. **Klima, miljø, beredskap:** Potensialet for småkraftverk er godt utnytta. Urelva er aktuelt prosjekt, men har fått nei til konsern. Sprov er og nemnt i kommuneplanen. Bevisst i planlegginga på utnytting av grunnlagsinvesteringar og avgrense negative konsekvensar for verdifulle natur, kultur og miljøkvalitetar. Vestnes beheld lokalt lensmannskontor og har godt oppdatert brannvesen og beredskapssjef. Nye krav til akuttberedskap utanfor sjukehus kan gi utfordringar for legevaktordninga.

Dette har vi ikkje oppnådd:

1. **Næringsutvikling:** Treng meir næringsareal sentralt (Vik – Vestnes). Vidareutvikling av Vik Industriområde og ev. Furneset avhengig av traséavklaringar for ny E39.
2. **Busetting og oppvekst:** Heilårsopne barnehagar. Ikke rikeleg med plassar. Bygge ut bustadfelt fleire stader (Fiksdal, Tomrefjord, Skorgen, Tresfjord).
3. **Kultur og fritid:** Kulturskule og bibliotek blir ikkje samlokalisert.
4. **Folk, helse og omsorg:** Mislykkast med å få til avtalar om å etablere tursti langs fjorden i Tomrefjord. Ikke kartlagt om tilbodet til heimebuande demente er styrka.
5. **Det internasjonale Vestnes:** utfordrande for innvandrarar å få tilsetting i ordinært arbeidsliv og bli inkludert i bygdelaga. Dette kunne ha motverka utanforskaps.
6. **Samferdsel og pendling:** Kjersemfjellet ikkje utbeta på Sunnmørs-sida og har heller ikkje blitt fylkesveg. Fortsatt dårlig kommunikasjon Moldefjord – morganfly.
7. **Klima, miljø, beredskap:** Lite fokus på den pålagte miljø- og klimaplanen. Ikke fleire ambulansar = sårbart ved transportoppdrag. Styrka føreb. arbeid mot ekstremvær.


Kap 2 Folketalsutvikling



Fødseltal og talet på kvinner i alderen 18-40 år i Vestnes

- Fødselstalet på landsbasis har vore rimeleg stabilt på rundt 60 000 barn i lang tid I 2018 er det venta eit fødseltal på ca 30 000 barn.
- Talet på kvinner i alderen 18 - 40 er avgjeraende for talet på fødslar
- På landsbasis er eit «nøkkeltal»
7 % fødslar av talet på kvinner i alderen 18 – 40 år.
(Dette talet er nok for høgt i dag med lågare fødselstal på landsbasis.)
- Utifra dette er det nok realistisk å rekne snitt fødselstal på mellom 50 og 60 i Vestnes dei komande åra.

Årstal	Talet på kvinner i Vestnes i alderen 18 – 40 år
1995	963
2005	851
2013	834
2018	793



Elevtalsutvikling

Årstal	Byrjar i skulen	Går ut av 10.kl	Endring	Elevtal haust
2018	80	81	-1	743
2019	58	67	-9	734
2020	64	86	-22	712
2021	68	82	-14	698
2022	69	79	-10	688
2023	50	76	-26	662
<i>Sum endring</i>	<i>389</i>	<i>471</i>	<i>-82</i>	
<i>Prognose 2024</i>	<i>50</i>	<i>82</i>	<i>-32</i>	<i>630</i>

Elevtalsutvikling etter krins

	Født	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002
	Skolestart	23/24	22/23	21/22	20/21	19/20	18/19	17/18	16/17	15/16	14/15	13/14	12/13	11/12	10/11	09/10	08/09
Skulekrins	skulekrinsnamn	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	6 år	7 år	8 år	9 år	10 år	11 år	12 år	13 år	14 år	15 år	16 år
0001	Vike	5	6	2	4	5	3	3	1	4	3	7	10	3	7	4	3
0002	Daugstad	4	3	1	2	1	5	2	4	2	4	2	4	1	6	2	4
	Vike Montessoriskule	9	9	3	6	6	8	5	5	6	7	9	14	4	13	6	7
0003	Tresfjord	3	8	8	8	4	4	3	4	5	2	3	3	9	3	2	6
	Tresfjord oppvekstsenter	3	8	8	8	4	4	3	4	5	2	3	3	9	3	2	6
0004	Skorgen	2	2	5	1	1	5	1	3	1	4	4	2	2	3	3	3
0005	Helland	24	29	30	31	25	48	25	35	38	31	29	34	41	36	22	45
	Helland skule	26	31	35	32	26	53	26	38	39	35	33	36	43	39	25	48
0006	Øverås	3	4	4	3	7	2	7	7	6	8	3	3	7	2	4	2
0007	Tomrefjord	7	10	13	14	9	9	8	12	16	20	19	19	15	20	18	16
	Tomrefjord skule	10	14	17	17	16	11	15	19	22	28	22	22	22	22	22	18
0008	Fiksdal	2	7	5	1	5	3	2	3	6	5	8	4	2	7	10	1
0009	Rekdal	0	0	0	0	1	1	3	0	0	5	1	0	2	2	2	1
	Fiksdal oppvekstsenter	2	7	5	1	6	4	5	3	6	10	9	4	4	9	12	2
TOTAL		50	69	68	64	58	80	54	69	78	82	76	79	82	86	67	81

Kap 3 Utvikling av Vestnessamfunnet som eit heile

Mulegheiter og utfordringar i planperioden:

1. **Midt i blinken:** Vestnes kommune ligg midt i Møre og Romsdal der europavegane (E39 og E136) møtast, noko som gir god (og stadig betre) kommunikasjon nord-/sørover og aust-/vestover. Den sentrale geografiske plasseringa er utgangspunktet for visjonen «Vestnes-midt i blinken». Dette kan gi Vestnes eit større potensiale enn mange andre distriktskommunar for utvikling på mange samfunnsområde. Utfordringa er *korleis* utnytte den sentrale plasseringa i fylket til å skape vekst og utvikling for næringslivet generelt, handel, turisme og busetting. Eit samarbeidsprosjekt med lokalpolitikarar og Vestnes næringsforum kan vere ein naturleg og god start på å løyse denne oppgåva.
2. **Skipsindustrien fører stolte båtbyggtradisjonar vidare** med fulle ordrebøker i fleire år. Dette gir positive ringverknader på mange område; underleverandørar, handel etc. Om, og korleis, ein kan utnytte denne situasjonen til meir vekst og utvikling av permanent busetting og næringsetablering, er ei politisk hovudutfordring. Sjølv om ordretilgangen er historisk god no, er det likevel slik at einsidig næringsstruktur gir Vestnessamfunnet utfordringar, t.d. sysselsetting som svingar med ordretilgangen. Einsidigkeit gjer det også meir utfordrande å vere attraktiv for tilflytting og tilbakeflytting av unge vaksne, som ikkje er utdanna i retning våre arbeidsplassar.
3. **Vestnes midt i blinken - også som pendlarkommune** - er derfor eit aktuelt tema som kan vere med å kompensere for ein noko einsidig næringsstruktur. Då er gode samband mot arbeidsmarknaden i omlandet vesentleg, i lag med gode tilbod internt i kommunen når det gjeld bustader, barnehagar, skule, kultur, fritidstilbod og handel. Her er truleg eit potensiale for Vestnes kommune å marknadsføre seg tydelegare som bukommune; t.d. med det rike kulturlivet som finst her. Sjå f.eks. til Rauma. Kanskje er Vestnes verdens beste kommune for humørfylte menneske?
4. **Ny busetting:** Vestnes er godt ajour med reguleringsplanar for nye bustadområde i heile kommunen. Nye kommunale bustadfelt står klare på Bakneset (Vike) og i Fagerbakken (Vestnes). Gode private tilbod er tilgjengelege m.a. på Bakneset (Vike), Sessneset (Daugstad), Bakken, Ramberget og Livneset på Vestnes, og Lid i Tomrefjord. Det ligg til rette for utvikling av nye byggefelt i Fiksdal og på Bårdneset (Tomrefjord), ved å inngå utbyggingsavtalar og samarbeid med private. Kommunen sjølv kan vurdere utbygging i Tresfjord og Skorgen på eige areal.
5. **Dei unge er framtida:** Liten vekst i folketallet og lave fødselstal siste åra er ei utfordring og eit utviklingstrekk mange distriktskommunar opplever, også Vestnes. Sjå vedlagt statistikk. Godt barnehagetilbod, gode skulebygg med kompetente lærarar er viktige faktorar for unge i etableringsfasen. Å planlegge den framtidige skulestrukturen, utnytting av eksisterande skulebygg, samt planlegging av ny felles ungdomsskule, vil bli den største utfordringa for Vestnes kommunestyre komande økonomiplanperiode.
6. **Gode kultur- og fritidstilbod** finst over alt i kommunen med aktive lag og organisasjoner og mange eldsjeler. Folkebiblioteket som kulturarena og sosial møteplass får betre vilkår gjennom nye og større lokalar i helse- og velferdssenteret, som har planlagt byggestart

2019 og er tenkt tatt i bruk ved årsskiftet 20/21. Framover blir utfordringa å realisere nye og meir eigna lokalar og lokalisering for kulturskulen, slik at skulen opprettheld sin status.

7. **Internasjonale Vestnes:** Også Vestnes har fått nye innbyggjarar frå framande kulturar. Gjennom introduksjonsprogrammet skal dei ha opplæring i norsk språk og levemåte, som grunnlag for god integrering. Utanforskap kan bli ei utfordring om ikkje integreringa er vellykka. Vonaleg kan veksten vi no opplever innan verftsindustrien gi sideverknader og auka sysselsetting også for flyktningane som kjem til Vestnes. Sjå eige kap 5.6 om dette.
8. **Pleie og omsorg:** Nytt helse- og velferdssenter vil gi betre utgangspunkt for rasjonell drift og gode tenester til innbyggjarane i moderne og tilrettelagte lokale. Samtidig får tilsette betre arbeidsvilkår, som igjen kan gi positive utslag for trivsel, effektivitet og sjukefråvær.
9. **Sentrumsblink:** Handelsnæringa er ofte undervurdert, men representerer samla ein av dei største arbeidsplassane i Vestnes. Kommunesenteret er gjennom både private og kommunale utbyggingar i god utvikling og har tatt ein markant posisjon som handelsstad mellom Moa og Molde. Sentrum er også ein viktig arena som sosial møtestad og som kommunens ansikt utad. Framover blir utfordringa å fullføre sentrumsutviklingsprosjektet og gjennom dette auke attraktiviteten til kommunen. Samtidig bør muleheitene utnyttast når det gjeld tilrettelegging for småskala turisme t.d i form av småbåt- og bobilgjestar, som kan bidra til auka handel og liv i gatene. I fellesskap må kommune og private sørge for å ivareta investerte verdiar med nødvendig vedlikehald og pleie handelsstaden sitt rykte om trivsel og god service.
10. **Vestnes treng meir næringsareal**, slik at ein legg til rette for etablering av store og små verksemder og dermed vekst og ein større flora av arbeidsplassar i kommunen. Eit mindre areal i Misfjordskogen er snart ferdig utvida, medan Skorgeneset har avgrensa mulehitter for utviding. Statens vegvesens uavklarte planar for vidareføring av ny E39 sørover frå Vik hindrar inntil vidare utvikling på Trohaugen (Vik Industriområde). Gjennom revisjon av kommuneplanens arealdel, bør Vestnes kommune finne meir næringsareal sentralt i kommunen på strekninga Vik – Vestnes.
11. **Staten styrer:** Kommunereforma gir som førebels resultat 2 store nye kommunar rundt oss med Nye Molde i nord og nye Ålesund i sør, medan Vestnes held fram åleine. Dette kan auke faren for at Vestnes ikkje berre blir midt i blinken, men også «midt i mellom». I denne økonomiplanperioden vil vi nok sjå teikn på korleis dette kan slå ut på sikt når det gjeld økonomi, attraktivitet, muleheit for å løyse nye oppgåver og rekruttere fagfolk osv.

Den beste måten å motverke desse utfordringane på er å halde økonomien under kontroll. Ein del faktorar kan vi påverke sjølv, ein del kan vi ikkje påverke. Staten styrer nivået for arbeidsgivaravgifta og denne blir regulert på ny i 2020-2021. Redusert avgift gjer kommunen interessant for næringslivet og det blir ei politisk utfordring å kjempe for å behalde denne ordninga. Endringar i vertskommunetilskottet kan også gjere våre økonomiske utfordringar svært krevjande.

Kap 4 Økonomi – rammer og utfordringar 2019 – 2022

4.1 Hovudoversikt

Alle tal i 1000 kroner	Budsjett	Budsjettframlegg				
		2018	2019	2020	2021	2022
Driftsutgifter	502 649	514 900	508 900	506 400	498 600	
Nto. Renter og avdrag	25 300	28 600	32 500	38 200	46 700	
Sum utgifter	527 949	543 500	541 400	544 600	545 300	
Frie disponibele inntekter	532 550	542 000	548 200	544 600	550 000	
Resultat,	4 601	-1 500	6 800	0	4 700	

Dette er ei skisse på økonomiplanen så langt vi har komme pr. 30.september. Det vil komme endringar fram til endeleg økonomiplan vert lagt fram. Det må også presiserast at skissa er utarbeidd før framlegg til statsbudsjettet er lagt fram. Det kan være føringar der som gjer at vi må gjere endringar, og det er i statsbudsjettet kommunane sitt inntektsnivå vert fastsett.

Økonomiplanen byggjer m.a. på følgjande føresetnadar:

- Svært stramme rammer til alle einingar, reell reduksjon i rammene frå 2018 for mange einingar. Det er lagt inn sparetiltak på dei fleste område. Sjå nærmare informasjon tidlegare i saka under kvart tenesteområde kap. 2.
- Busetting av minst ti flyktninger kvart år i planperioden.
- Utbetaling frå Havbruksfondet anna kvart år (2020 og 2022)
- Innsparing på drifta når nytt helse- og velferdssenter vert teke i bruk, det vil m.a. vere energi, vedlikehald, bemanning, omlegging av mattilbod
- Kapitalkostnader for nytt helse- og velferdssenter er med inn i økonomiplanen, og er årsak til auken i renter og avdrag frå 2020 og utover i perioden.

4.2 Inntektsnivå, handlingsrom mm

Rammeoverføring frå staten

Vestnes kommune er av dei kommunane i Møre og Romsdal som får lågast rammeoverføring pr. innbyggjar frå staten.

Rammeoverføring vert utrekna etter eit sett kriterier som er bestemt sentralt og skal gje ei rettferdig fordeling til kommunane etter forventa utgiftsbehov.

Skatteinntekter

Vestnes kommune er ein minsteinntektskommune, dvs at vi får lågare skatteinntekter pr. innbyggjar enn landsgjennomsnitt. Vår skatteinngang er ca. 86,0 % av landsgjennomsnitt. Delar av mindre skatteinntekt får vi kompensert gjennom inntektsutjamning slik at vi samla får knapt 95,0 % av landsgjennomsnitt.

Vi har ingen påverknad på kor stor rammeoverføring og skatteinntektene til kommunen vert, det er talet på innbyggjarar i kommunen og skatteinngangen på landsbasis som er avgjerande.

Eigedomsskatt

Vestnes kommune har 4 promille eigedomsskatt. Det utgjer ei årleg inntekt på 20,0 mill. kr. Administrasjonssjefen vil i planperioden ikkje komme med framlegg om å auke eigedomsskatten.

I motsetning til ein del andre kommunar i fylket/landet har vi har ikkje nokon spesielt store bedrifter/anlegg i kommunen som betaler mykje i eigedomsskatt.

Vertskommunetiskott

Statleg tilskott for å gje tilbod til psykisk utviklingshemma som før 1991 budde på sentralinstitusjonen Hellandheimen og som framleis vart buande i Vestnes.

Tilskottet her vert trappa ned i takt med at talet på vertskommunebrukarar vert redusert.

Med unnatak av eigedomsskatt er det Stortinget som legg føringar for kor store dei fleste eksterne inntektene til kommunen er. Kommunen har liten, eller ingen, påverknad på kor store inntektene vert.

4.3 Andre forventa økonomiske utfordringar i perioden

Vertskommunetiskott

Skal trappast ned i takt med fråfall av vertskommunebrukarar. Dessutan er det ei «sikringsordning» slik at ingen kommune skal få redusert tilskottet med meir enn ein viss sum pr. innbyggjar pr år. Med dagens reglar får vi ein reduksjon på ca. 2,5 mill. kr pr. år. Vestnes er ein av dei kommunane i landet som får mest utbetalt i tilskott pr. brukar.

Dagens nedtrappingsordning er svært god for kommunane med mange brukarar og lågt innbyggjartal, slik som Vestnes.

Dersom Stortinget endrar denne ordninga, vil det få betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune; kanskje ei av dei største økonomiske utfordringane som møter kommunen. Viser her til regjeringa si ekspertgruppe som i desember 2017 leverte framlegg om korleis øyremerka tilskott til kommunane kan reduserast. Vertskommunetiskottet var med i denne rapporten. Vestnes kommune har belyst overfor kommunalkomiteen kva utslag dette vil ha for vertskommunane.

Rammeoverføring

Rammeoverføringa til kommunane vert fordelt etter eit sett nøytrale kriterier. Etter at kommunereforma er gjennomført kan det sjå ut til å vere ein reell fare for at kriteria vert endra slik at det vert meir til gunst for store kommunar. Då vil andre kommunar få tilsvarende mindre i rammeoverføring.

Det er framlegg om endring i **distriktsindeksen**, kanskje frå 2020. Dersom dette vert vedteke slik som det ligg framlegg om, vil Vestnes tape 3,4 mill. kr pr år.

Differensiert arbeidsgjevaravgift

Differensiert arbeidsgjevaravgift inneber at satsane varierer etter kvar verksemda er lokalisert. Satsane er lågare i distrikta enn i sentrale strøk.

Vestnes har i lang tid vore plassert i sone 1, den med høgst avgift: 14,1 %.

Fra 01.07.14 vart vi sett ned til sone 2: 10,6%. Dette skal gjelde fram til 31.12.20, innan den tid skal det være ny vurdering på kva sone vi skal være i.

Dersom kommunen vert sett tilbake i sone 1 frå 2021 vil det bety 14,0 – 15,0 mill. kr i ekstra utgifter for kommunen, også det private næringsliv vil få auke i sine kostnader.

Auka rente og avdrag

Renta er i dag svært låg, vi betaler ned mot 1,7% rente på våre lån. Det er sterke signal om at den vil auke noko i åra framover, men det ikkje forventa stor auke. Signala er eit rentenivå for kommunal sektor på 3,0 % i 2022.

Med dei store investeringsprosjekta vi har planlagt vil lånegjelda auke mykje. I økonomiplanen er kapitalkostnader for helse- og velferdsbygget medrekna, og innlagt renteauke i perioden slik signala er i dag.

Dersom renta aukar vesentleg meir enn dagens signal, vil det belaste drifta ekstra.

Større oppgåver overført frå fylke og stat til kommunane

I kjølevatn av kommune- og regionreform må vi vente at fleire oppgåver vert overført til kommunane. Det kan bli ei utfordring både økonomisk og driftsmessig for mindre kommunar å klare å gjennomføre. Truleg må ein til med fleire interkommunale samarbeid.

M.a. har kommunane allereie fått større ansvar for tilbod innan rus og psykiatri, dette er eit område der oppgåvene, og dermed kostnadane, truleg vil auke i kommande år.

Erfaring frå dei fleste reformer/nye oppgåver kommunane får er at det ikkje følgjer med nok økonomisk ressurs til å dekke auka utgifter.

Effektivisere/ strukturendring

I samband med at vi byggjer nytt helse- og velferdssenter og ny ungdomsskule må vi gjennomføre effektivisering av drifta innan desse områda dette for å være med å dekke auka renter og avdrag . Det vert eit viktig arbeid å jobbe med fram til bygget er ferdig, signal frå andre kommunar som har vore i same situasjon er at arbeidet tek lang tid og viktig å starte lenge før bygget skal takast i bruk.

To gamle institusjonar skal leggast ned og samlast i eit nytt bygg. Det må gje innsparing på eigedomsdrift, men også må vi få meir rasjonell drift slik at ein kan spare inn personell på institusjonsdrifta. Men vi må også avsette midlar til vedlikehald av bygget slik at det ikkje vert forringa.

Auka antal eldre

Talet på personar over 67 år vil auke i planperioden og vidare utover fram mot 2030. Det vil truleg krevje auka tenester frå kommunen, m.a. heimetenestene.

Redusert barnetal

Fødselstala er reduserte siste åra og prognosane frå SSB er at dei vil ligge på eit nivå på mellom 50 og 60 i åra framover. Det betyr færre barn i barnehagane og grunnskulen, og vi må tilpasse strukturen etter det.

Det vil og bety mindre rammeoverføring frå staten. Nedgang i barnetal er ikkje spesielt for Vestnes, men det er likevel eit svært alvorleg problem. Det er viktig at folk buset seg i kommunen.

4.4 Investeringar i perioden

Nytt helse- og velferdssenter, ungdomsskule og rehabilitering av Tomrefjord idrettsbygg

I planperioden er det spesielt desse 3 store investeringsprosjekt som skal gjennomførast, og som vil krevje store ressursar både økonomisk og arbeidsmessig frå administrasjonen i kommunen.

Tomrefjord idrettsbygg,

vert ferdig rehabiliterert i haust. Kostnad vert 65,0 – 70,0 mill. kr. Er finansiert.

Nytt helse- og velferdssenter,

er i sluttfasen på planlegginga, entreprenør er valt og endeleg kontrakt skal godkjennast av kommunestyret i desember i år. Førebels kostnadsramme er 415,0 mill. kr i 2018 kroneverdi, prisauke i perioden til det er ferdig kjem i tillegg. Vi får store tilskott til dette bygget, både til bebuardelen og også til bibliotek.

Reknar med at kommunen sin andel vert vel halvparten av kostnaden.

Ungdomsskule,

ei politisk skulenemnd arbeider med fleire alternativ for korleis ein skal ha framtidig skulestruktur inkl. ungdomsskule. Eit alternativ er å byggje ny, men oppgradering av noverande ungdomsskule på Helland vert også vurdert. I tillegg kan evt. bruk av Tresfjord skule kan være aktuelt.

Før kommunestyret har gjort sitt val tek vi ikkje med kostnader i økonomiplanen, delar av kapitalkostnad for dette må dekkast inn ved effektivisert drift av grunnskulen.

Andre investeringsprosjekt

I tillegg til dette er det ei rekke investeringsprosjekt det er ynskje om å få gjennomført, både på nye ting, inventar og utstyr, rehabilitering av eksisterande bygningsmasse og kommunale vegar.

Vi må også ha tilgjengeleg næringsareal og bustadområde. Når det gjeld bustadområde er det ikkje sikkert at vi til kvar tid kan ha tilgjengeleg attraktive tomter i alle bygdelag, kanskje må det vere slik at det vert gjort bindande avtale om kjøp av eit visst tal på tomter før kommunen klargjer byggjefelta.

Som følgje av dei 3 store investeringstiltaka nemnt ovanfor vil lånegjelda auke betydeleg.

For å unngå ytterlegare auke i lånegjelda, og dermed auka renter og avdrag, rår administrasjonssjefen til at det vert sett ei øvre årleg investeringsramme på andre investeringar; maksimum tilsvarande det vi betaler i avdrag, ca 16,0 mill. kr

Kap 5 Dei kommunale tenestene

Nasjonale føringar – kommuneopposisjonen 2019

1. Kommunane må vere budde på strammare offentlege budsjett i framtida. Likevel lagt opp til realvekst i kommunesektoren dei første åra.
2. Kommunesektoren skal framleis vere grunnmuren i velferdsamfunnet. Det er vedteke ei omfordeling av oppgåver mellom stat og region.
3. Offentleg sektor skal forenlast – effektiviseringspotensiale med minst 0,5% pr år. Omstilling gjennom ny teknologi – «Ny digital agenda» - effektiviseringspotensiale.
4. Kommunereform.
Større kommunar skal gi betre velferdstenester og møte dei utfordringane samfunnet står overfor i framtida – meir spesialiserte tenester, høgt kompetansenivå, aukande konkurranse om kompetent arbeidskraft, digitaliseringskrav.
5. Regjeringa har gjennom eit ekspertutval gått gjennom alle øyremerka tilskott. Vertkommunetilskottet vert føreslått endra. Ekspertutvalet sine forslag vil bli behandla i kommuneopposisjonen for 2020.
6. Opptrappingsplan mot vald og overgrep. Kommunale handlingsplanar og kompetanseheving i kommunane. Forsterka innsats.
7. Fram mot 2040 vil talet på innbyggjarar over 67 år verte dobla. Aktiv eldrepo-politikk som skal ha anna fokus enn «eldreomsorg». St.meld. 15 «Leve hele livet».
8. Lovfestiging av dagaktivitetstilbod for heimebuande demente. Vil truleg bli lovfesta frå 01.januar 2020. Nasjonal demensplan 2020 – «Et mer demensvennlig samfunn».
9. Forskrift om betaling for pasientar som er utskrivingsklare i psykiatrien frå 1.januar 2019.
10. Nye og utvida krav til akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus – kommunalt ansvar
Nye krav til kompetanse i legevakt frå 2020, samt krav til kommunal øyeblikkeleg hjelp.
11. Ny helseplattform – èn journal èn innbygger – først i Helse Midt sitt område, venteleg i 2022. Venta store investeringskostnader for kommunane i økonomiplanperioden.
12. Endringar i barnehagane. Auka krav til kompetanse. Stortingsmelding 19 (2015-2016) om auka ambisjonar om barnehagens innhald. Pedagognorm frå 1.august 2018.
13. Grunnskule – tidleg innsats. Tilpassa opplæring. Mobbefrie skular. Auka krav til kompetanse for lærarar som skal undervise i norsk, engelsk og matematikk. Norm for lærartettleik frå haust 2018.
14. Kommunane er pålagt å skifte ut alle læremidlar i løpet av 3 år.
15. Regjeringa vil legge fram ein plan for ein samordna integreringsstrategi.
16. Brann og beredskap – Dimensjoneringsforskrifta gir føringar for korleis lokale brann- og redningsvesen skal organiserast, dimensjonerast og kva kompetansekrav som skal stillast.

Alle desse nasjonale krava finn vi att i sektorane sine vurderingar av muligheter og utfordringar. Det utfordrar alle kommunar, men særleg dei mindre kommunane korleis ein fagleg, politisk og økonomisk kan møte dette.

Innan alle sektorar har innbyggjarane fått auka og langt tydelegare rettskrav. Det er ikkje eit **val** for kommunane om desse krava skal innfriast. Kommunane blir etterprøvd gjennom statlege tilsyn, forvaltningstilsyn og enkeltinnbyggjarar sin rett til å få vedtak overprøvd av Fylkesmannen. Her blir kommunale leiarar ståande i skvis mellom å halde kommunale budsjett og å halde seg innanfor lovkrava. Balansen kan til tider gjere leiarjobbane særskrevjande.

Kap 5.1

Barnehagane

Visjon: Midt i blinken for leik, læring og utvikling.

Langsiktige mål og strategiar i planperioden:

- Barnehageplass til alle som ønskjer det både i hovudopptak og i fortløpende opptak.
- Rekruttere barnehagelærar inn i alle stillingar som krev det, nytte oss av midlar frå Utdanningsdirektoratet (heretter kalla Udir).
- Implementere revidert kompetansestrategi frå Kunnskapsdepartementet 2018 - 2022. Nytte oss av vidareutdanningstilboda frå Udir, heilt frå grunnkompetanse til mastergrad.
- Langsiktig plan for implementering av ny rammeplan.
- Med bakgrunn i implementering av ny rammeplan, sette ned ei digitaliseringssgruppe med mål både for barn og tilsette.
- Revidering av kommunal plan for overgang frå barnehage til skule, med bakgrunn i kommunal plan må ein og revidere dei lokale planane. Sjå planane i samanheng med digitaliseringsplan.
- Ny og revidert plan for språkstimulering av barn i førskulealder.
- Det kjem nye føringar frå Udir om rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar. Vi har pr. i dag eige system for dette.
- I arbeidet med utvikling av kvaliteten, nyttar vi oss m.a av det som ligg på Udir sine sider, t.d ståstadsanalyse og foreldreundersøking.
- Dei kommunale barnehagane er ein del av Ned prosjektet. «NED med sjukefråveret».
- Arbeide for meir samhandling på tvers av einingane, t.d samarbeid med BUF.
- Nytt administrativt barnehageprogram med kommunikasjons plattform skal innførast i romsdals-kommunane
- Ev. ny leigeavtale med Gardstunet barnehage.

Utfordringar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

- Ny pedagognorm kan føre til fleire dispensasjonar.
- Ubunden tid for pedagogisk personale er utfordrande å gjennomføre med auka pedagognorm.
- Ny bemanningsnorm, overgangsår i 2018.
- Ny modell for kompetansemidlar/tilretteleggingsmidlar. Midlane skal frå 2019 fordelast av regionen, kan kanskje føre til meir fokus på regionen sitt behov enn kommunen sitt behov.
- Ei økonomisk utfordring at mange kjem inn under ordninga med redusert foreldrebetaling.
- Ferieavvikling, prøveprosjekt ved Helland barnehage 2018 og 2019

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Kvalitet og innhald for brukarane.
- Barnehagestruktur, i høve kva skjer med oppvekstsentra.
- Fleksible løysingar for barnehage, til ein kvar tid ha fleksible og nok bygningsmasser til å kunne møte auka/endra behov for barnehageplassar.

Administrasjonssjefen si tilråding om økonomiske rammer for sektoren:

Barnehage	Alle tal i 1000 kr	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan					
				2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tomrefjord		3 639	4 153	4 090	4 090	4 090	4 090	4 090	4 090
Tresfjord		3 270	2 728	3 060	3 060	3 060	3 060	3 060	3 060
Helland		14 551	14 496	15 350	15 350	15 350	15 350	15 350	15 350
Fiksdal		2 400	2 608	2 650	2 650	2 650	2 650	2 650	2 650
Gardstunet		4 361	4 677	4 320	4 320	4 320	4 320	4 320	4 320
Tilskott private barnehagar		9 348	9 989	10 300	10 300	10 300	10 300	10 300	10 300
Assistentar m.m. i barnehage		1 070	500	1 270	1 270	1 270	1 270	1 270	1 270
Fellesutgifter barnehage		2 885	2 637	2 270	2 270	2 270	2 270	2 270	2 270
Sparetiltak, blir fordelt seinare				-600	-600	-600	-600	-600	-600
		41 524	41 788	42 710					

- Tal på årsverk er auka frå 53,5 i 2018 budsjett til 56,6 i 2019 og utover i perioden.
- Tal på barn er redusert frå 235 i budsjett 2018 til 223 i 2019 budsjett, her kan det sjølv sagt bli endring i resten av åra i økonomiplanperioden. Budsjettala kan då bli endra.

Rammene inneber følgjande:

- Helland barnehage er lagt inn med 2 ekstra årsverk frå 2019 for å kunne utvide 2 småbarnsavdelingar, til saman 6 barn under 3 år.
- Ikkje lagt inn ressursar i budsjettet for å dekke vikarinntak ved ubunden tid. Alle utdanna barnehagelærar har rett på 4 timer ubunden tid pr. veke.
- Det er lagt inn midlar til å dekke ferievikarar ved Helland barnehage, prøveprosjekt 2018 og 2019.
- Fiksdal har midlertidig godkjenning på 29 barn (er godkjent for 24)
- Det er lagt inn ein uspesifisert sparesum som må spesifiserast før endeleg budsjett blir fastsett.

Kap 5.2 Grunnskulen og PPT

Visjon: Elevane skal få kunnskap og utvikle seg i eit godt og inkluderande skolemiljø

Langsiktige mål og strategiar i planperioden:

Tilpassa opplæring

Arbeidet med tilpassa opplæring må styrkast. Den einskilde elev har rett på god tilpassing av opplæringa, med utgangspunkt i eleven sine eigne forutsetningar. Vestnes kommune skal utvikle ein plan for tilpassa opplæring, der vi synleggjer metodar, ressursar og materiell som kan nyttast for å gje ei god tilpassing.

Digitalisering

Det er no ei stor satsing på materiell og utstyr i skulen. Forholda blir lagt til rette for at digitale hjelpemiddel kan nyttast i undervisninga, for å skape læring, variasjon og god tilpassing. Digitale ressursar blir viktige hjelpemiddel for å gi god tilpassa opplæring. Desse ressursane kan òg vere med å målrette og styrke spesialundervisninga i skulen. Det må utviklast ein overordna plan knytt til den digitale satsinga og bruken av digitale ressursar må forankrast i lokale fagplanar og i lærarane sine årsplanar.

Tverrfagleg samarbeid

Oppvekstsektoren må, saman med dei andre kommunale sektorane, arbeide målretta for å styrke det tverrfaglege samarbeidet. Skulane melder om ei auke i talet på barn og unge som har samansette vanskar. Spesielt for barn og unge med psykiske vanskar, er det viktig å få på plass gode tiltak på tvers av sektorane. Arbeid med førebygging er sjølvsagt viktig. Skulen er ein fin arena for eit slikt arbeid. Det er likevel viktig å utvikle gode rutinar, tiltak og prosedyrar for å kunne gi god hjelp til ein skuldelever som treng hjelp. Det er viktig å utvikle tiltak for elevar som slit med skulevegning og utanforskap. Desse gruppene kan i periodar ha behov for alternative opplæringsarenarar og ei anna tilnærming til læring.

Ufوردriigar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

Rekruttering

Sektoren har ei stor utfordring framover med å rekrutttere nok undervisningspersonell med godkjent utdanning. Talet på lærarar utan godkjent utdanning har auka dei seinare åra. Det er stor konkurranse om undervisningspersonalet både frå omliggande kommunar og fylkeskommunen. I dag er 13 lærarar i Vestnes over 60 år. Deira kompetanse må dei nærmaste åra erstattast. Det er innført ei lærarnorm i skulen. Denne ser ut til å ha ein sentraliserande effekt, då det er dei store bykommunane som får tilført fleire årsverk. Dette kan gjere rekrutteringa i distrikta endå meir krevjande.

Vidareutdanning – kompetansekrav

Det er viktig at lærarar i åra som kjem får ta vidareutdanning, for å stette krava til kompetanse i basisfaga norsk, engelsk og matematikk.

Skulebygg

Skulesektoren har fleire nedslitne og utrangerte bygg. Det er viktig for utviklinga av sektoren at elevar, både på ungdomsseget og barnestegene, får skulebygg med gode og tenlege fasilitetar.

Sentrale føringar for skulesektoren:

- Det blir no arbeidd nasjonalt med ei fornying av læreplanane. Dette arbeidet skal fullførast innan 2020.
- Frå 01.08.2018 vart det innført ei plikt for skulane til å gi intensiv opplæring til elevar i 1.-4. årssteg som står i fare for å bli hengjande etter i lesing, skriving og rekning.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Tiltak for auka bulyst og tilflytting kan styrke rekrutteringsarbeid i skulesektoren.
- Psykisk helse blant barn og unge er eit viktig tema. Tiltak og oppfølging av barn og unge med psykiske vanskar, bør prioriterast framover.

Administrasjonssjefen si tilråding om økonomiske rammer for sektoren:

Alle tal i 1000 kr	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Fiksdal skule	5 403	5 107	3 635	500	500	500
Tomrefjord skule	24 669	24 967	25 801	25 801	25 801	25 801
Helland skule	33 198	34 219	35 953	35 953	35 953	35 953
Tresfjord skule	5 574	5 301	2 815	800	800	800
Til fordeling T. og H. skular				1 800	1 800	1 800
Fellesutgifter	10 678	9 314	9 164	9 164	9 164	9 164
PPT	2 688	2 954	2 959	2 959	2 959	2 959
Sum	82 210	81 862	80 327	76 977	76 977	76 977

- Skuleutvalet har så langt signalisert at dei vil rá til at Tresfjord skule og Fiksdal skule skal leggast ned samtidig. I økonomiplanen har vi difor føreslått nedlegging av desse skulane frå 01.08.19.
- Dette vil gje ein reduksjon på ca. 170 rammetimar. Det utgjer ei innsparing på 5,6 mill. kr på årsbasis. I 2019 vil innsparingen vere 2,3 mill. kr. Heilårseffekt i 2020. Det er lagt inn budsjett til å dekke auka transportutgifter.
- Det er lagt inn summar på Fiksdal og Tresfjord skular til drift av bygningane (straum m.m). Det kan være aktuelt å bruke bygga til avlastning ved evt. renovering av Tomrefjord skule og Helland skule.
- Før kommunestyret har vedteke endeleg skulestruktur og bruk av dagens bygningsmasse, samt nybygging/ombygging kan vi ikkje være meir konkret i framskriving av budsjett i økonomiplanperioden. Dette vert å kome tilbake til.
- Barnaletet i grunnskulen vil gå ned i planperioden. Det vert redusert budsjett, men ikkje innarbeidd tal for det her. Tilsvarande er heller ikkje rammeoverføringane redusert for dette.

Kap 5.3

Barn, ungdom og familie

Visjon:

«Mestring og motivasjon for alle»

I tråd med Vestnes sin visjon «midt i blinken» har eininga vald sin visjon «mestring og motivasjon for alle» som ein tenker i overført betydning handlar om å møte enkelt menneske ut i frå sine ressursar og behov.

Basert på kjerneverdiane:

Trygg - Gjennom tillit skaper vi trygghet

Raus - Vi viser respekt, er åpne og deler med felleskapet

Engasjert - Engasjement forankra i trygge relasjoner og tenester

Langsiktige mål og strategiar i planperioden:

- Implementere visjon og kjerneverdiar i eininga. I vår eining, med brei kompetanse, ulik profesjonsbakgrunn og lang yrkeserfaring, blir tenesteytinga gitt i eit familieperspektiv.
- Ein meir effektiv og kvalitetssikra tenesteproduksjonen gjennom
 - formalisering av rutinar og utøving av tverretatlege tenester
 - heilskapleg tenesteyting ved fleirfagleg fokus i eit livsløpsperspektiv
- Tidleg intervension og brukarmedverknad har prioritet i tenestene våre.
- God langtidsplanlegging (både økonomi, fag, tiltak), særleg i overgangen 16-20 år, der det er kjent for kommunen at personar har behov for samansette, koordinerte og langvarige tenester. Erfaring viser at dette årleg i gjennomsnitt gjeld om lag to unge vaksne.
- Gode samarbeidsrutinar der tenestemottakarane har bruk for teneste i ein kortare periode og/eller har akutte tenestebehov.
- Alle tilsette i eininga har arbeidsoppdrag knytt til lågterskeltilbod, lovpålagte oppgåver og etter tenestevedtak. I tillegg til desse oppgåvene yter vi tenester til innbyggjarar med samansette behov.
- Vidareføre prosjekt «*Styrking og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten*»
- Implementere kurs i psykisk helse for ungdomsskulane (overgang frå prosjekt til drift)
- Oppretthalde nettverkssamarbeid innan psykisk helsearbeid og ha tettare samarbeid med spesialisthelsetenesta
- Tiltak og oppfølging sjukefråvær i eininga

Utfordringar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

- Det kan bli krevjande å skaffe den fagkompetanse som trengst i eit framtidsperspektiv
- Utvikle godt samarbeid med barnevernet som blir interkommunal teneste frå 01.10.2018.
- Ny barnevernsreform – mest truleg auka kommunale utgifter.
- Prioritere tenester med fokus på førebygging og tidleg innsats
- Auka digitaliseringskrav.
- Auka oppgåver knytt til individuell plan og koordinering av ansvarsgrupper

- Pakkeforløp innan psykisk helsevern gjeldande frå 01.01.2019. Omfattar både barn, unge og vaksne. Stiller større krav til kommunen rundt organisering, kompetanse og ressursar.
- Auka krav til oppfølging og ivaretaking av pårørande og barn som pårørande
- Nye nasjonale retningslinjer for arbeid ved helsestasjon og skulehelsenesta. Særleg fokus på å avdekke vold, overgrep og omsorgssvikt hos barn og unge.
- Utfordring at ein ikkje har eit adekvat dokumentasjonssystem ved ambulant tenesteyting.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- I tråd med lovpålagte oppgåver er det ei utfordring at kommunen skal drifte, samordne og koordinere fleire komplekse og spesialiserte oppgåver. Eininger får meldt fleire som treng praktisk bistand som m.a hjelp til butrening. Det vil i framtida vere meir behov for ambulerande teneste på døgnkontinuerleg basis, særleg innan psykisk helse. Det er ein auke i søknader om t.d støttekontakt og avlastning. I eit økonomisk perspektiv må ein ta høgde for at enkeltindivid vert tekne vare på i denne samanhengen.
- At det vert innvilga nok stillingsheimlar til å ivareta tenesteporføljen innan områda som eininger skal tilby, samt at det vert innvilga økonomiske midlar til opplæring.
- Kompetanse og rekruttering

Administrasjonssjefen si tilråding om økonomiske rammer for sektoren:

Barn, ungdom og familie. Alle tal i 1000 kr	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Diverse prosjekt	236	558	562	562	562	562
Helsestasjon	3 210	3 538	3 495	3 495	3 495	3 495
Jordmorteneste	280	305	312	312	312	312
Barnevern m.v.	13 352	12 638	12 961	12 961	12 961	12 961
Sosiale Tenester barn og ungdom	7 615	8 451	12 645	12 645	12 645	12 645
Myra Aktivitetssenter	1 188	1 317	1 340	1 340	1 340	1 340
Barnevern for Rauma	0	1	0	0	0	0
Psykisk helse og rus	3 210	3 493	3 576	3 576	3 576	3 576
Administrasjon BUF	587	873	911	911	911	911
Familierettleiar BUF	277	648	729	729	729	729
Tilsyn fosterheim	17	94	94	94	94	94
Prosjekt - BUF jordmor	5	10	0	0	0	0
Sparetiltak, blir fordelt seinare			-700	-700	-700	-700
	29 977	31 926	35 925	35 925	35 925	35 925

Rammene inneber følgjande:

- Utgiftene i eininga aukar med 4,0 mill kroner frå 2018 til 2019. Det er då lagt inn ein sparesum på 0,7 mill. kr.
- Interkommunalt barnevern og usikkerheit knytt til korleis utgiftene vil utvikle seg i økonomiplanperioden. Budsjett for 2019 byggjer på ei framskriving av dagens budsjett.
- Den store auken i utgifter til sosiale tenester for barn og unge er knytt til oppbygging av eit eige butilbod med tenester. Det er fleire brukarar som får tenester. Vi kan auke tilskott til ressurskrevjande brukarar med 2,0. mill. kr.

Kap 5.4

Helse og omsorg

Visjon:

Vestnes kommune tilbyr tenester av god kvalitet: på rett nivå, til rett tid og med rett kompetanse

Langsiktige mål og strategiar i planperioden:

- Planlegge og gjennomføre tiltak som vist i St.meld 15 «*Leve hele livet*»
5 målområde:
 - eit aldersvennleg Norge
 - aktivitet og fellesskap
 - mat og måltid
 - helsehjelp
 - samanheng i tenestene
- 2 Bygging av nytt helse- og velferdssenter med fokus på ein eldrepoltikk med aktivitet, integrering og førebygging.
 - a. Gode pasientforløp som kan medføre vriding av tenestetilbod frå institusjon til heimebaserte tenester.
 - b. Vidareutvikle aktivitet og dagtilbod i samarbeid med Frivilligsentral, lag og organisasjoner.
 - c. Vidareføre tilbod om avlastning i heim og institusjon.
 - d. Gjennom bruk av velferdsteknologi bidra til at brukarane vert gitt høve til å meistre eige liv og helse betre, basert på eigne premisser.
 - e. Utvikle tenester som støtter opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering. (Kvardagsrehabilitering / kapasitet fysikalsk behandling)
- 3 Utarbeide retningslinjer og system for koordinerande eining i kommunen. Dette er lovpålagt, men ikkje fullt ut gjennomført i Vestnes. Koordinerande eining skal legge til rette for brukarmedverknad, ha oversikt over tilbod innan habilitering og rehabilitering, samt ha eit overordna ansvar for individuell plan og koordinator. Eininga skal også ha ansvar for tvers av fagområde, nivå og sektorar.
- 4 Organisasjonsutvikling med medverknad frå tilsette – mål om eit arbeidsmiljø som er forsvarleg og helsebringande.
Auke den lokale kompetansen gjennom ulike program og ordningar (praksisopplæring , E-læring , Kompetanseløftet og andre tilskotsordningar)
- 5 Interkommunalt samarbeid gjennom nettverksarbeid og prosjekt.
Prosjekt: Velferdsteknologi
Prosjekt: Helseplattforma
Prosjekt: Læringsnettverk for gode pasientforløp

Utfordringar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

- 1 Interkommunal legevakt. Nye krav til legevakt. Vi har meldt til Nye Ålesund at Vestnes ønskjer å halde fram med legevakt i Ørskog på kveld/helg og Ålesund på natt. Dette

under føresetnad av at ordninga ikkje vil medføre vesentleg auka kostnader. Då må kommunestyret behandle saka på nytt.

- 2 Auka akuttmedisinsk behov pga tidleg utskriving frå sjukehus. Dette gir auka ansvar og oppgåver for kommunane; både i heimeteneste og institusjon.
- 3 Behov for meir differensiert teneste- og butilbod for yngre vaksne med ulike funksjonshemmingar og samansette behov. Samarbeid på tvers
- 4 Kompetanse – behalde og rekruttere (fag og IT kompetanse)
Det er underdekning av sjukepleiarar. Ein kompetanseplan må utarbeidast.
- 5 Omsorgsplan / rullering av plan med utg.pkt i St.meld. 15 «Leve hele livet»
- 6 Behov for auka formidling av hjelpemiddel
- 7 Innføring av pakkeforløp for psykisk helse og rus for barn, unge og vaksne.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Velferdsteknologi/personalresurs, investering og utprøving (m.a. fullføre utskifting av analoge tryggheitsalarmar til digitale)
- Dagaktivitet
- Rekruttering og fagkompetanse

Administrasjonssjefen si tilråding om økonomiske rammer for sektoren:

Helse, omsorg og velferd. Alle tal i 1000 kr	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Heimetenestene	39 342	39 009	39 592	39 592	39 592	39 592
Sjuke-/trygdeheim og sentralkjøkken	51 064	52 016	51 344	51 344	51 344	51 344
Hellandtunet	25 305	25 854	26 184	26 184	26 184	26 184
Fellesutgifter pleie og omsorg	3 906	1 881	4 917	4 917	4 917	4 917
NAV- kommune	6 259	6 553	6 571	6 571	6 571	6 571
Helse og legesenteret	10 310	10 453	11 179	11 179	11 179	11 179
Sparetiltak, blir fordele seinare			-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Innsparing- nytt helse- og velferdssenter						-5 000
SUM	136 186	135 766	138 787	138 787	138 787	133 787

Rammene inneber følgjande:

Budsjetterte utgifter aukar med om lag 4 mill kr frå 2018 til 2019. Følgjande føresetnader er lagt inn i budsjettforslaget:

- Vidareføring av sal av to plassar ved sjukeheimen til Molde kommune i 1. halvår 2019
- I fellesutgiftene for 2018 var det lagt inn eit sparebeløp på 2,5 mill kr. Dette er for 2019 erstatta med ein sum på 1,0 mill. kr som må fordelast før budsjettvedtak i desember.
- Auken i Helse- og legesenteret er knytt til auka utgifter ved deltaking i legevaktssamarbeid med om lag 0,5 mill kr i 2019
- I økonomiplanperioden vil nytt helse- og velferdssenter bli teke i bruk. Dette vil danne grunnlag for meir effektiv tenesteyting innan institusjonsdrift.
Her er berre anslått ein sparesum, må vurderast nærmere seinare.

Kap 5.5 Bu- og habiliteringstenestene

Visjon: «DET GODE LIV»

For at kvar enkelt tenestemottakar skal oppleve det gode liv, krev det profesjonelle helsearbeidrar og ein er avhengig av god tenesteyting:

- God kunnskap og opplæring
 - som fyller dei krav og forventningar ein har til medarbeidrarar
 - som sikrar god tenesteyting tilpassa behovet til den enkelte
- Forankre tenesteytinga i ulike teoriar om livskvalitet
- Samarbeide og omgå kvarandre på ein respektfull måte
- Skape eit godt arbeidsmiljø, der trivsel og fellesskap er viktig
- Erkjenne og arbeide med etiske dilemma
- Fokus på Likeverd
- Være eit medmenneske

Langsiktige mål og strategiar i planperioden:

- Fagmiljø i utvikling, etablert fast møtestruktur mellom miljøterapeutane. Auke det tverrfaglege miljøet og dra nytte av kvarandre si (spesifikke/spiss-) kompetanse.
- Kontinuerleg utarbeiding og revidering av rutinar og prosedyrar som skal være felles.
- Internkontroll / Risk Manager. Felles tilgang til dokument og rutinar, betre kontroll.
- Staben er auka;jf kommunestyrevedtak om redusert leiarspenn. Meir nærvær i bustadane, være tettare på i fagleg og administrativt arbeid. Oppfølging av tenesteytarar i bustad.
- Ha tettare samarbeid med spesialisthelsetenesta, samarbeidsavtalar/ behandlingsplanar i enkeltsaker.
- Unge nye tenestemottakarar, mulighet for fagleg input / ny læring
- Kreativitet i tenesteyting, nye løysingar ift. tenestemottakarar, turnusendringar, nye modellar.
- «Temakafè», der bueiningane har ansvar for innhald og gjennomføring kvar sin gong.

Utfordringar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

- Rekruttering av kompetanse. Fagområdet er utfordrande med tydelege krav i lovverket
- Mange tvangsvedtak
 - krev mykje tid til sakshandsaming
 - krev mykje dokumentasjon
 - krev mykje opplæring
- Fylkesmannen har endra praksis ift. dispensasjon frå utdanningskravet, noko som fører til avvik
- Ulike kulturar og forhaldsvis lavt utdanningsnivå
- Gjere nyutdanna tenesteytarar trygge i si faglege rolle
- Blir sett høge krav til tenesteyting, både i praksis og i formalitetar
- Nye brukargrupper, unge med ulike behov
- Aldringsproblematikk
 - åtferdsproblematikk vs somatiske utfordringar vs auka ressursbehov

- Korleis løyse utfordringane med enkeltståande husvære som blir ledige i samlokaliserte bustader
 - Tenestemottakarar må flytte; etisk dilemma
 - Andre brukargrupper
- Høg gjennomsnittsalder på tilsette
 - Sjukefråvær, tilretteleggingsbehov
- Arbeid-/sysselsettings- og aktivitetstilbod, kjøper tjenester av private
- Dokumentasjonskrava; IKT- utfordringar, mange som skal gjennomføre på same tid, utfordrande for tenesteytarar å gjennomføre nødvendig og tilstrekkeleg dokumentasjon

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Krav til bemanning / kompetanse (lovkrav / faglege grunnvilkår)
- Krav til fristilt tid for fagansvarlege, for å dokumentere/ evaluere og fornye vedtak
- Meir behov for/ bruk av spesiell / individuell tilrettelegging
- Bustader treng tilrettelegging/tilpassing/ombygging ut frå behov til bebuaren. Behova er i endring, både hos unge og eldre.

Administrasjonssjefen si tilråding om økonomiske rammer for sektoren:

Alle tal i 1000 kr	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Bu- og habiliteringstenestene	121 445	131 613	133 600	133 600	133 600	133 600
- nedlegging av ei bueining			-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
- reduksjon i ramma				-2 600	-5 200	-7 800
Sum	121 445	131 613	128 600	126 000	123 400	120 800

- Budsjettramma er i utgangspunktet same som for 2018, men prisjustert.
- Det er føresett at ei bueining vert lagt ned frå januar 2019, forventa sparesum ca 5,0 mill. kr.
- For åra 2020 – 2022 vert ramma til sektoren redusert kvart år med same sum som forventa nedgang i vertskommunetilskott.
- Ramma for 2019 er stram då det ikkje er lagt inn full kompensasjon for overgang høgare utdanna personell i ein del stillingar der det er krav om dette.

Kap 5.6

Kvalifisering og integrering

Visjon:

«Kvalifisering og integrering»

Langsiktige mål og strategiar i planperioden:

- Kompetanse:
Behalde eininga sin breie kompetanse på fagfelta. Det gjer det mogleg å busette forsvarleg og gje opplæring i samsvar med introduksjonsprogrammet.
- Tenester og kvalitet på tenestene:
 - busette flyktninger i samsvar med kommunestyrevedtak og årleg anmodning frå IMDi
 - utføre straksoppgåver ved busetting snarast råd opp i mot helse, politi, og andre offentlege etatar
 - fatte vedtak om introduksjonsordning, sjå til at nybusette fort kjem i gang med kvalifisering gjennom deltaking i introduksjonsprogram og får individuell plan
 - rettleie deltakarar vidare til utdanning og arbeid
 - fatte vedtak for innvandrarar med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap og gi dei tilbod om opplæring fort etter at dei er komne til Vestnes
 - gjennomføre prøver i norsk og samfunnskunnskap, samt statsborgarprøva

Vestnes kommune har hatt direkte rettleiing frå IMDi i 2018 som gir tilbakemelding om at dei er godt nøgd med måten kommunen utfører tenestene på i hht introduksjonslova. Vestnes kommune har hatt tilsyn frå Fylkesmannen med tema grunnskuleopplæring for vaksne; kap 4A i Opplæringslova. Tilsynet avdekkja avvik/ lovbroter som vil bli korrigert/lukka i løpet av oktober 2018.

- Arbeidsmiljø:
Ein har som mål å ha eit arbeidsmiljøtema i kvart personalmøte.
Medarbeidarsamtalar blir gjennomført minimum kvart år.
- Innovasjon og nyskaping:
Samarbeidsavtalen med nav for deltakarar i introduksjonsordning, blir evaluert og justert kvart år. Staten sitt rundskriv som pålegg tett samarbeid mellom kommune og NAV, gir moglegheiter for innovasjon og nyskaping i arbeidet med flyktninger og andre innvandrarar. Mellom anna vil nav kome inn i vaksenopplæringa på prioriterte tema og gi informasjon og rettleiing til alle innvandrar som deltar på norskkurs.
Næringslivet i Vestnes er i utvikling der arbeidsplassar for ufaglærte blir tilgjengeleg. Det skapar optimisme og framtidstru blant innvandrarane i kommunen. Fleire har fått arbeid, og nokre har også fått fast tilsetting.
Av dei som er i gang med vidaregåande opplæring, er det fleire som har vald TIP som studieretning med tanke på auka behov for faglært arbeidskraft i skipsindustrien.
- Samhandling på tvers:
EKI har fast samarbeid med NAV, Eining for eigedomsdrift og Eining for kultur. I samband med busetting er det i tillegg samarbeid med kommuneoverlegen, helsestasjonen, barnehage, skule og andre aktuelle instansar.
Staten tilrår å opprette tverrfaglege team tidleg rundt flyktninger som ein ser vil krevje

innsats frå fleire instansar. Eining for kvalifisering og integrering vil opprette slike team rundt enkeltpersonar i samsvar med staten sine føringar.

Utfordringar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

- Redusert behov for busettingsplassar
Kommunestyret vedtok busetting av 21 i 2017, 15 i 2018 og 2019.
IMDi reduserte tala og anmoda kommunen om å busette 15 i 2017 og 10 i 2018.
Om Vestnes kommune får halde fram med å busette i 2019 og kva talet vil bli, er ikkje avklart før anmodningsbrevet for 2019 kjem frå IMDi.
- Bustad: Arbeide vidare med overgang frå innleige til kommunen for vidare utleige til busett, til direkte leige og vidare til kjøp av eigen bustad.
- Arbeid og inkludering: samarbeid kommune, næringsliv, NAV, frivillige organisasjonar m.fl. med mål om inkludering og hindre utanforskap
- Arbeidsretta opplæring, korleis lukkast med det? Jfr. rettleiing frå IMDi
- Delta i utarbeiding av velkomstpakke der målet er å gjere kommunen til ein open og tilgjengeleg kommune der det er enkelt for alle tilflyttarar å navigere seg fram til nyttig informasjon, og til å delta i samfunnet. Gjennom tilgang og deltaking håper ein på auka trivselen og bulyst i kommunen, og at fleire vel å bli i Vestnes kommune eller flytte tilbake til kommunen.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- **Økonomi:**
Flyktningtenesta: Lågare busettingstal, sjå ovanfor, gir reduserte statstilskot.
Vaksenopplæringa: Statsrefusjonane vil gå ned i planperioden.
- Frå busett flyktning til ordinær innbyggjar i kommunen
- Velkomstpakke, jfr. oppdrag frå kommunestyret

Administrasjonssjefen si tilråding om økonomiske rammer for sektoren:

Alle tal i 1000 kr	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Vaksenopplæring	1 803	1 614	1 650	1 650	1 650	1 650
Busette flyktningar	8 910	8 619	8 650	8 650	8 650	8 650
Sum	10 713	10 233	10 300	10 300	10 300	10 300

- Budsjettet er framskrive med summar tilsvarande dagens rammer.
- Det er føresett at Vestnes kommune tek i mot 10 flyktningar pr. år i heile planperioden.

Kap 5.7 Kulturskule, frivilligsentral og bibliotek

- Vestnes Kulturskule, Allmenn kultur, Frivilligsentralen, Biblioteket

Visjon:

**Midt i blinken for det gode liv i Vestnes.
Opplæring, møteplassar, kultur og frivilligheit**

Langsiktige mål og strategiar i planperioden:

Kulturskulen:

Vi skal arbeide systematisk med implementering av rammeplanen Mangfald og Fordjuping. Vi har som mål å etablere kunst, teater og skrivekunst som fagtilbod. Vi vil styrke vår rolle som lokalt ressurscenter, og ønsker å etablere eit nærmare samarbeid med barnehagar og grunnskular for å bidra til eit heilskapleg kunst- og kulturfagtilbod til alle born og unge. Vi skal vidareutvikle det gode samarbeidet med det frivillige kulturlivet i Vestnes.

Biblioteket:

Vi skaper eit framtdsretta bibliotek, som også fungerer som katalysator for aktivitet, oppleving og skaparglede. Vi gir innbyggjarar og tilreisande "ein tredje stad", ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt (jf. Forskrift av 2014 til Lov om folkebibliotek) og bidreg til deltaking i demokratiet. Aktiviteten på Vestnes folkebibliotek bidreg til auka handel i sentrum og stimulerer til bulyst.

Frivilligsentralen:

Vi er ein møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar og det offentlege. Vi er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune.

Felles for kultureininga:

Kultur og frivilligkeit er sentralt i samfunnet vårt, og fungerer som eit sosialt lim som bidreg til å styrke samhaldet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Gjennom kunnskap, faglegheit og engasjement ønsker kultureininga å bidra til at folk i Vestnes kommune får høve til å oppleve meistring og trivsel. Dette vil vi gjere gjennom opplæring av høg fagleg kvalitet, gode møteplassar, frivilligkeit og kultur.

Vi ønsker å vere ein pådrivar i arbeidet med å skape ein kommune som er open og tilgjengeleg, der det er enkelt for tilflyttarar å navigere seg fram til nyttig informasjon, og til å delta i samfunnet.

Vi ønsker eit nærmare samarbeid med andre einingar for å finne gode løysingar innan feltet. Det er mykje forsking som viser betydninga av kultur og frivilligkeit for helse, trivsel og bulyst. Vi ser at det her kan vere mykje å hente ved å etablere gode samarbeidsmodellar med fleire av dei andre kommunale einingane.

Utfordringar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

Kulturskulen:

Lokala held ikkje mål. Dette gjer at det er ein tung skule å drive, med mange praktiske utfordringar som slit på personalet. Dette er hemmande for kulturskulen si utvikling.

Kulturskulen må vere lokalisert midt i kommunen, sentrumsnært, og nær der dei fleste av borna går på skule. Dette har stor betydning for elevar og føresette, og ikkje minst har det stor betydning for lærarane si arbeidstid.

Økonomi gjer at det ikkje er mogleg å få etablert dei fagtilboda vi manglar, som teater og kunstfag.

Biblioteket:

Små stillingsressursar gjer det utfordrande å drive eit bibliotek med stadig fleire oppgåver og stadig aukande bruk. Dagens lokale er lite tilpassa når det gjeld lyd og lys. Dette medfører ekstra slitasje på personale, i påvente av dei nye lokalitetane i helse- og verferdssenteret.

Frivilligsentralen:

Frivilligsentralen vil arbeide for å nå dei langsigte måla i perioden, det tar tid å etablere desse rollene/funksjonane. Det er ikkje alle ønskjer og behov frivilligsentralen kan møte, sjølv om mange frivillige er involvert vert det ei naturleg avgrensing av arbeidet sidan det berre er ei stilling ved sentralen. For 2018/2019 vil det vere fokus på å oppretthalde god kvalitet i dei aktivitetane ein har, framfor etablering av nye. Det vil også bli prioritert å arbeide med tiltak foreslått i rapporten for betra integrering, her under velkomstpakke. Nytt kontorlokale i nytt bibliotek vil bidra til at sentralen også er meir synleg, og lettare tilgjengeleg for folk.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

Kulturskulen:

Nye og betra eigna lokale, lokalisert på Helland.

Ei auke i ramma tilsvarande ei 50% stilling, for å få på plass kunstfag og teaterfag

Biblioteket:

Det er behov for auka personalressurs som følge av at bruken av biblioteket har auka med 100% siste ni åra.

Frivilligsentralen:

At budsjettet til Frivilligsentralen ikkje vert redusert, og at kommunen legg eventuell auke frå staten meint for frivilligsentralen inn i budsjettet til Frivilligsentralen.

Administrasjonssjefen si tilråding om økonomiske rammer for sektoren:

Alle tal i 1000 kr	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Kulturskulen	7 114	7 236	7 425	7 425	7 425	7 425
Kulturskulen	2 340	2 833	2 500	2 500	2 500	2 500
Kyrkje, tilskott trusamfunn	4 765	4 780	5 030	5 030	5 030	5 030
Sum	14 219	14 849	14 955	14 955	14 955	14 955

- Budsjettet er framskrive med summar tilsvarande dagens rammer. Det er ikkje lagt inn auke i bibliotek eller kulturskule som kan gi auka personalressurs.
- I kommunen sin kulturarvplan – handlingsdel 2019 – 2022 er det føreslått 4 tiltak som bør leggjast inn på i dei årlege driftsbudsjetta, til saman kr 400.000,- pr. år.
Største tiltaket er sluttføring av bygdebokarbeidet, med ei årleg løyving på kr 50.000,-
Det er ikkje funne rom til å ta med noko av forslaga i budsjettframlegget.

Kap 5.8

Eigedomsdrift

Visjon:

Gode bygg – gode tenester.

Langsiktige mål og strategiar i planperioden:

- Våre medarbeidarar har rett kompetanse. Ved rekruttering skal vi ha ein gjennomgang av kva kompetanse eininga treng for å utføre våre tenester.
- I vår eining har vi fokus på kompetanseheving gjennom kompetansedeling og kurs.
- Vi skal ha rett kvalitet på materialval.
- Eit godt arbeidsmiljø er viktig for vår oss. Det er fast tema på våre møter. Vernetenesta og tillitsvalde er naturlege samarbeidspartar for oss.
- Vi skal rett kvalitet på utført arbeid.
- Samarbeid intern og med andre einingar skal vere ein naturleg del av vår verksemd. Vi skapar forståing for dei vala vi gjer.
- Der det er mogleg skal vi vere ein pådriver for innovasjon og nyskaping slik at vi t.d. kan vidareutvikle vår eigedomsmasse.
- Anskaffingar der vår eining er involvert, skal følgje aktuelt regelverk. Vi skal ha god kompetanse på dette fagfeltet.

Utfordringar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

- Kommunen har ein stor bygningsmasse. Det er stort etterslep på vedlikehald av bygg og uteområde. Døme kan vere sikring av «bygningsskallet» - tak, veggar, vindauge, innvendig slitte overflatar i skulane og barnehagane m.m. Mykje av dette arbeidet er ordinære driftsoppgåver. Omfanget er større enn det vi har kapasitet til, både økonomisk og personellmessig, og må takast over år.
- Fleire melder inn behov om endring av lokale. Det kan t.d. vere at personalareal ikkje er tilfredsstillande, brukarbehov endrar seg, m.m.
- Vi har mange tilfelle av uforutsette utgifter som det ikkje er mogleg å planlegge for. Døme er hærverk/skadeverk/innbrot, teknisk anlegg som er treng reperasjon eller må skiftast ut, konsekvensar av tidlegare därleg utført arbeid (typisk vassinnntrenging på tak, råteskadar), eller må-tiltak av omsyn til brukar. Ofte er dette reparasjonar eller tiltak som viser seg å bli dyre.
- Kapasitet er ei utfordring vi kjenner på dagleg. Sjølv om vi eininga legg nøkterne planar både innanfor drift og investering, får vi fleire gonger nye tiltak som gjer at vi må omprioriterer eller endre våre planar. Dette går mellom anna utover at vi ikkje rekk å utarbeid t.d. langsiktige vedlikehaldsplanar for våre formålsbygg.

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Sikre at vi kan ta igjen noko av forsømt vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar. Mykje må takast på ordinært vedlikehald. Fleire av dei tiltaka vi må gjere for å sikre bygga våre er kostnadskrevjande (sikre sjølve bygninga, omsyn til miljøgifter, slitte flater innvendig, behov for å gjere noko med bad i fleire av bustadane kommunen eig, råteskader som dukkar opp, m.m.).
- Nødvendig utvikling av bygg og eigedomar slik at vi får lagt til rette for tidsriktige tenester til våre innbyggjarar.

Administrasjonssjefen si tilråding om økonomiske rammer for sektoren:

Alle tal i 1000 kr	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Eigedomsdrift (korrigert for endring)	1 602	1 452	2 000	2 000	2 000	2 000
	1 602	1 452	2 000	2 000	2 000	2 000

Rammene inneber følgjande:

- Eigedomsdrifta omfattar drift av all kommunal bygningsmasse og vaktmesterteneste.
- Eininga har stor omsetning, vel 30 mill. kr. Det meste av utgiftene (eks. renter og avdrag) vert dekka av husleigeinntekt, både ekstern og intern.
- Difor berre eit **netto** budsjett på 2,0 mill. kr.
- For å drive god forvaltning av eigedomsmassen vår burde det vore avsatt meir til vedlikehald. Vi finn dessverre ikkje rom for det.

Kap 5.9

Tekniske tenester

Visjon:

Tekniske tenester legg til rette fysisk, slik at Vestnes blir ein endå meir attraktiv kommune for næringsutvikling og busetting.

Langsiktige mål og strategiar i planperioden:

- Effektivisere og auke kapasiteten på fleire driftsoppgåver.
- Gjennomføre investeringsprosjekta, med høg kvalitet.
- Framleis kunne innfri tidskrav på saksbehandling innan dei ulike ansvarsområda.
- Behalde og vidareutvikle kompetanse i eit godt arbeidsmiljø.
- Vidareutvikle samarbeidet med andre einingar.

Utfordringar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

- Stort behov for vedlikehald og utbetringar på kommunal infrastruktur. Omfanget er framleis større enn budsjettet gjev rom for.
- Bidra til at Tekniske tenester og Vestnes kommune vert ein endå meir attraktiv arbeidsplass for dyktige fagfolk.
- Vi er ein liten organisasjon med få tilsette samanlikna med kommunar i same storleik. Difor vert dei ulike fagmiljøa også små og sårbar for endringar.
- Eininga femner breidt – over veldig mange fagområder, - både svært synlege og mindre synlege. At alle desse er viktige og lovpålagde kan vere utfordrande å kommunisere og få gehør for i ein travle kvar dag.

Administrasjonssjefen si tilråding om økonomiske rammer for sektoren:

Alle tal i 1000 kr	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
Tekniske tenester	14 445	14 767	15 000	15 000	15 000	15 000

Rammene inneber følgjande:

- Også tekniske tenester har stor aktivitet; rundt 40,0 mill. kr pr år. Mykje går på avgiftskapittel som vert dekka av kommunale gebyr eller i eigne prosjekt med prosjektrekneskap. Difor er netto budsjett berre på 15,0 mill. kr.
- Dei største netto utgiftene er brannvern (5,4 mill. kr), vedlikehald av kommunale vegar og parker/grøntareal (6,5 mill. kr).
- Same kommentar her som for eigedomsdrift, vi burde hatt rom for å avsette større budsjett til vedlikehald av kommunale vegar og anlegg.

Kap 6

Kommunen som arbeidsgjevar

Visjon:

- Vestnes kommune er ein arbeidsgjevar som er «midt i blinken» for tilsette som vil arbeide i ein framtidsretta og utviklingsorientert organisasjon.
- I Vestnes kommune tek medarbeidarar og leiarar eit felles ansvar for å skape gode og effektive arbeidsplassar.

Langsiktige mål og strategiar i planperioden:

- Rekruttere personar som har kompetanse til å møte dei utfordringane som ein ser i åra framover
- Er ein arbeidsgjevar som satsar på eit godt arbeidsmiljø som igjen fører til trivsel og nærvær
- Har dyktige leiarar som ser sine medarbeidarar, og satsar på medarbeidarskap
- Har tilsette med høg etisk standard
- Har tilsette som yter god service og gode tenester til innbyggjarane
- Har tilsette som er innovative og nyskapande
- Har tilsette som kan samhandle på tvers av fag og funksjonsgrense

Utfordringar i planperioden som kommunestyret bør kjenne til:

- Konkurranse om tilsette med større kommunar som har større fagmiljø
- Behalde tilsette med rett kompetanse
- Utvikle tilsette til å ta utfordringane som ligg i endra strukturar, trang økonomi og nye/endra behov i befolkninga
- Ha tilsette som er flinke på digitalisering

Sektoren rår kommunestyret til å ha fokus på følgjande prioriteringar i økonomiplanperioden:

- Ha tilsette med rett kompetanse
- Rekruttere medarbeidarar utifrå framtidige behov
- Møte digitaliseringa med digital kompetanse
- Ha gode leiarar
- Satse på gode arbeidsmiljø for tilsette